



ÅRET SOM HAR GÅTT 2021

Eit nytt år er snart på hell og i fjor på desse tider snakka me om anleisåret 2020. Det skulle vise seg at 2021 og vart eit anleisår, med mindre fellesaktivitetar. Likevel har me mykje god aktivitet å glede oss over og kan nytte

nærmiljøet til tur og rekreasjon.

Vintersesongen starta med skikarusell der 34 stk deltok. Me var i Turtagrø pga snøforholda og hadde karusell annakvar veke. Påsken var det skiløyper på fjellet og i Turtagrø. Det var kjekt å sjå at folk kosa seg på fjellet og på ski att. Denne påska hadde me og aktivitetet i låglandet. Det var 7 dagar med påskelabyrint der ein kunne ta bilder eller løyse oppgåver. Kjekt at så mange deltok og sende inn svar. Dei to siste dagane i påska vart det lagt ut påskeegg i trimpostkassar, søndagen var egget på Fjøsnaustølen då var Linnea førstemann og måndagen i Drægnismorki, då var Sofia først ute. Kjekke jenter la att litt av innhaldet til dei som kom som nummer to.

I april starta me opp med Gågjengen. Her hadde me ulike turar annakvar kvar veke. Det var 10 -12 stk kvar gong og det var veldig kjekke turar. Dette er noko me har lyst å få til våren som kjem og, er det nokon som har lyst å organisere dette er det berre å ta kontakt.

I Hestahagen har me no fått lengdegrop og har kjøpt inn litt utstyr til friidrett. I juni hadde me nokre ettermiddag med friidrett. Flinke og spreke ungar var med. Flott og at fleire av ungane i området vårt reiser til Gaupne og er med på friidrett på det flotte anlegget der.

IL Fanaråk har samarbeida IL Bjørn på herresida i fotball, ein har hatt 7-ar lag i turneringsspel og 11-ar lag i serien. Veldig kjekt då me i haust fekk fotballkampar på Skjolden stadion att. I miniputt samarbeidar me med Luster med treningar annakvar veke i Luster og på Skjolden. Kjekt at me har fått delteke på turneringar i år.

Torsdagstrimmen har arrangert 3 KK-milaarrangement i år. Sommarløpet og haustløpet har vore frå Vassbakken, i tillegg hadde me vinterløp i Turtagrø i januar. Vind og litt surt ver var ikkje hinder, faklar, goodibag og varm suppe gjorde godt etter løpet. Treningane har ikkje vore faste i år, men me legg ut informasjon på Friskus som er informasjonsplattforma som kommunen brukar og deler infoen på Facebook. Om du registrerar deg som Friskusbrukar og abonnerer på IL Fanaråk vil du få info på mail om dei ulike arrangementa våre.

Hausten kom og ein starta oppatt med volleyball, fotball inne og barneidrett. Både volleyball og fotball har hatt over 15 deltakarar, fleire unge og frå områda rundt oss, dette er spesielt kjekt. Tradisjonen tru vart det og Løp for meg denne hausten. Born og vaksne gjennomførte 293 rundar i Hestahagen denne ettermiddagen og me samla inn ca 13500 kr til Barnekreftforeninga. Tusen takk til Luster Sparebank som bidrog med pengar til sløyfechallenge.

På Fjordstova er bassenget renovert og Turid er starta som dagleg leiar. I september hadde me idedugnad med ulike organisasjonar på Skjolden og kom fram til at idrettslaget skulle arrangere bassengdisko og basar. Me gjennomførte begge deler, lærte litt om kva me kan gjere bedre og satsar på fleire arrangement i året som kjem. Me tykkjer det er flott at det er blitt meir aktivitet på Fjordstova og gler oss til vidare samarbeid.



Turorienteringa er stadig like populær og det er flott at så mange er med og går i områda rundt oss. Takk til alle som er med å rydde og merke stiar og byter bøker nå det trengs. I 2022 kjem det til å bli endringar på turorienteringa. Ein tenkjer seg 20 postar kvart år og rullering på postane. Kortet for 2022 kan du alt kjøpe i januar så du veit kva postar som gjeld for 2022. Minner og om at ein må levere kortet for 2021 ved nyttår. Idrettslaget samarbeidar no med Luster kommune og dei andre idrettslaga i kommunen om Stolpejakt. Me tenkjer ei sløyfe på Skjolden og ei i Fortun. Her går du med telefonen din og samlar stolpar. Det vil og vere sløyfer i Luster, Gaupne og på Hafslo. Det er ikkje meint som ein konkurrent til turorienteringa, men som eit supplement. Stolpejakta skal ha flest universelle postar som kan nåast med barnevogn, sykkel og rullestol, samt nokre avstikkarar som krev litt meir.

På vårparten arrangerte me brattkortkurs som gjer at fleire har moglegheit til å klatre. Det blir nytt kurs i vinter og då håpar me fleire nyttar seg av tilbodet. Saman med Fjordstova har me og arrangert førstehjelpskurs og livredningsprøve, dette prøver me å få til som ein årleg tilbod og håpar mange vil nytte seg av det.

I år som i fjor er det nokre me har lyst å gje ei merksemd for arbeidet dei har gjort og gjer i idrettslaget. Det er takka vere alle som stiller opp i verv, som trenarar og på dugnad me kan

oppretthalde aktivietet rundt om i bygda. Den første me vil trekke fram er Magne Rauntun, han har vore med i Fanaråk frå starten og vore med på mykje. I ski har han vore med på tidtaking, vore smørjar, køyrt til ulike arrangement og fungert som konsulent ved bygging av lysløype på Yttri. Han har vore tidtakar på Tinderittet og parkeringsvakt på Fanaråken opp. Magne er nøyaktig og pliktoppfyllande og me har mykje å takke han for.

Den andre so har gjort ein flott innsats for idrettslaget opp gjennom åra er Wenche Weka. Wenche er kunnskapsrik, har vore primus motor i volleyball og har hatt treningstimar gjennom Friskus. Wenche ein humørspreidar som deltek på mange av aktivitetane våre.

Den siste me vil trekke fram i år er Jan Fortun. Han gjer ein stor innsats for herrelaget i fotball og er ein flott ambasadør for idrettslaget. Han har og vore med på innebandy og er ikkje vanskeleg å spørje om me treng hjelp med innebandy på barneidretten eller treng nokon til å stille opp på dugnad.

Det er og sjølvsagt mange andre me bør takke. I år fall valet på desse tre, me vil halde fram med tradisjonen neste år og tek gjerne imot tips til kven me skal gje litt ekstra merksemd.

IL Fanaråk er oppteken av aktivitet for alle, skape fysiske og sosiale møtestadar. Me er opne for ris og ros, og idear til kva me skal finne på. Har du lyst å bidra er det berre å ta kontakt. Me har enno ikkje bestemt oss for om me skal ha basar i 2022, koronasituasjonen gjer dette usikkert, om me må gjene finne alternative måtar å samle inn pengar på. Me har bestemt oss for at me ikkje kjem til å arrangere Fanaråken opp. Me håpar at me kan halde oppe mest mogleg av aktiviteten i bygdene våre og at me får mange flotte stunder i 2022.

Styret i IL Fanaråk vil med dette takke medlemmar, de som stiller i grupper og som trenarar, sponsorar og andre støttespelarar for 2021. Me ynskjer dykk ei god jul og eit godt nyttår!!

Beste helsing

Anders, Jakob, Larisa, Anne Marie, Vegard og Mona

